

CISV Sogn og Fjordane

Referat frå Årsmøte 23.oktober 2011

Til stades: 22 medlemmar

1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent.

2 Godkjenning av årsmelding

Godkjent. Årsmelding leggst ut på fylkeslaget sine nettsider, men då med kun fornamn på deltakarar på ulike aktivitetar.

3 Godkjenning av rekneskap

Rekneskapen er godkjent med atterhald om godkjenning frå revisor, Leif Longvanes.

4 Godkjenning av budsjett 2012

Det er ikkje utarbeidd framlegg til budsjett, men følgjande prinsipp ligg til grunn:

- Delegasjonsførebuingane går i sjølvkost, eit eventuelt overskot skal gå til fylkeslaget.
- Styret betalar ut administrasjonskostnader (telefon, kopi mm) til styremedlemmar og andre som gjer oppgåver for CISV etter søknad/rekning.
- Styret kan løyve midlar til andre aktivitetar etter søknad.
- Reise vert dekkja for dei som deltek som representant frå CISV S&Fj på årsmøte, haustmøte, leiartrening og andre kurs.
- Styret er ansvarleg for å søkje om økonomiske gåver frå bankar, fond og liknande. som skal dekke lokalarbeid.

5 Arbeidsplan for 2011-2012

- Lokalt arbeid : Mosaic-ansvarlege skal få i stand ulike aktivitetar for ungdom rundt om i fylket
- Betre samarbeidet med Hordaland fylkeslag når det gjeld Mosaic-arbeidet – få i gang fellesaktivitetar
- Nye styremedlemmar skal delta på ”Ny i styret-kurs”
- Interchange (13-14 år)
- 2 barneleirdelegasjonar; utland
- Stimulere til faste samlingar/aktivitetar for CISV-deltakarar (11+)
- Betre opplysninga i fylket om CISV sitt arbeid for å auke medlemstalet og skape meir aktivitet
- Ha fokus på rekruttering av fredsleiarar
- Påverke til meir medieoppslag i etterkant av at delegasjonane er komen heim
- Jobbe for å finne ny permanent lagar plass for fylkeslaget sitt leirutstyr
- Starte planlegginga av eigen leir: Summer Camp 2013
- Jobbe for å få lokallag i Sunnfjord og Nordfjord

6 Val

Else Nesøy, Sidsel Kinserdal, Wenche Galborgren, Edith Eide og Åsmund Kongsvik Aal ynskte ikkje å halde fram i styret.

Fylgjande nytt styre vart valt:

Nestleiar Leiartreningsansvarleg	Inga Henjum Halsnes (2011-2012)
Styremedlem	Aase Kongsvik (2011-2012)
Styremedlem <i>NY</i>	Cindy Litlabø <i>Valt for 2 år</i>
Styremedlem <i>NY</i>	Diana Ekren <i>Valt for 2 år</i>
Styremedlem <i>NY</i>	Jorunn Felde <i>Valt for 2 år</i>
Styremedlem <i>NY</i>	Inger Auestad <i>Valt for 2 år</i>
Ungdomsrepresentant	Runa Andrea Brekke Gjerland <i>Valt for 1 år</i>
Ungdomsrepresentant <i>NY</i>	Sjur Hamre <i>Valt for 1 år</i>

Styret/verv: Valnemda hadde ikkje funne leiar eller fordelt ansvarområder i styret. Årsmøte gav fullmakt til at styret sjølve konstituerer seg.

Revisor: Leif Longvanes, Sogndal

Valkomite: Liv Bulling (leiar), Else Nesøy, Wenche Galborgren

Avslutning

Avtroppande styremedlemar, Edith, Sidsel, Wenche, Åsmund og Else vart takka for innsatsen.

Ref. Else Nesøy / 2011-10-23